

Møtetidspunkt i kommunestyret

Kommunestyra har dei siste gongene vorte svært lange, enten dei har vore gjennomført elektronisk eller fysisk. Samanlikna med nabokommunane Kvam og Bjørnafjorden, har ikkje Samnanger kommune klare reglar som regulerer tidspunkt for møta. Føresler difor at det vert gjort endringar i reglement for kommunestyret med følgjande forslag til vedtak.

- Ordinære møte i kommunestyret skal vera i samsvar med vedteken møteplan.
- Møteplanen skal omfatta eit kalenderår og godkjennast i siste kommunestyremøtet føregåande år.
- Ordføraren kallar inn til møte i samsvar med vedteken møteplan. Kommunestyret sine møte skal normalt finna stad på torsdagar, med start kl. 15.00 og vera avslutta innan kl. 20.00.
- Minimum to møter per år skal arrangerast på dagtid (budsjettmøtet og siste møtet før sommaren). Desse møta skal gjennomførast mellom kl. 08.00 og 16.00.
- Kommunestyret kan i særskilde høve, og etter forslag frå møteleiaren, halda fram møtet ut over kl. 20.00 (16.00). Kommunestyret må då røyste over dette.
- Ordføraren har høve til å kalla inn til møte på dagtid, når han/ho finn dette mest praktisk

Arild Røen
Samnanger Høgre